

19.09.2013

INNKALLING

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** onsdag 25. september 2013,
kl.12.15-14.00, seminarrom 326, HF-bygget.

Heming Gujord

Marie Von der Lippe

Myriam Coco

Torodd Kinn

Silje Klungland

Hilde Hjertager Lund

Sekretær: Silje Fjærestad Tollefsen

I	Godkjenning av innkalling og saksliste
II	Orienteringssaker
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Møte i Programstyret 30.august 2013 2. Møte i Studiestyret 18.september 2013 3. Møte i Praksisutvalget 26. juni 2013 4. Opptakstall lektorutdanninger/ PPU høst 2013 (vedlegg) 5. Deltagelse på Nasjonal lektorkonferanse i Tromsø, 26.-27. september 2013 6. Møte mellom NLA og UiB 17. september 2013 7. Ny representant til praksisutvalget
III	Saker
<u>S13/22</u>	Høringsuttalelse om implementering av ny rammeplan for lektorutdanning (vedtakssak) (vedlegg)

<u>S13/23</u>	Møteplan for høsten 2013 (vedtakssak)			
IV	EVENTUELT			
		Heming Gujord		
				Silje Fjærestad Tollefsen

25.06.2013

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** onsdag 19. juni 2013,
kl.12.15-14.00, seminarrom 326, HF-bygget.

Tilstede:	Leder	Anne-Brit Fenner
	AHKR	Sven-Erik Grieg-Smith
	IF	Tor Jan Ropeid
	LLE	Heming Gujord
	Fra administrasjonen	Hilde Hjertager Lund
	Fra administrasjonen	Ronald Worley var til stede på første del av møtet
	Fra administrasjonen	Silje Fjærestad-Tollefsen (sekretær)
Meldt frafall:	Studentrepresentant IL	Karoline Sandal
Meldt frafall:	Studentrepresentant PPU	Karine Onarheim

I	Godkjenning av innkalling og sakliste
	Innkalling og sakliste godkjent med følgende merknader. <ul style="list-style-type: none"> - Orienteringssak 1 utgår, da det ikke har vært møte i programstyret etter forrige møte i PUHF.
II	Godkjenning av protokoll fra møtet 6. mars 2013
	Protokollen ble godkjent uten merknader.
III	Orienteringssaker
	<p>1. Møte i Programstyret Orienteringssaken utgår, da det ikke har vært møte i Programstyret.</p> <p>2. Møte i studiestyret 29. mai 2013 Ronald Worley orienterte.</p> <ul style="list-style-type: none"> - NOKUT tilsyn ved det humanistiske fakultetet. - Administrativt ansatte som vara for vitenskapelige ansatte. Når det gjelder leder for PUHF, bør det diskuteres om vara også skal være vitenskapelig ansatt.

	<p>3. Oppsummering av besøket av programsensor Andreas Lund</p> <ul style="list-style-type: none"> - Et vellykket besøk, til tross for at programmet måtte planlegges sent. - Andreas Lund møtte Heming Gujord (LLE), Johan Myking (styrer ved LLE) og studenter på det integrerte lektorprogrammet. - Et problem for studentene er at universitetet ikke vektlegger teknologi på samme måte som skolene. <p>4. Møte i Praksisutvalget Heming Gujord orienterte.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ønske om å innarbeide et førpraksis-møte én gang per studieår. - Det er nødvendig å revurdere organiseringen av praksisbesøk ved skolene. Pedagogene ønsker å stå friere med tanke på hvilke fag de besøker studenten i, men fagdidaktikerne ser det som nødvendig at studentene får besøk i begge undervisningsfag, da studentens kompetanse kan variere sterkt i de to fagene. - 11. september skal det arrangeres et mini-veilederkurs. Både pedagoger og fagdidaktikere bør være representert.. <p>5. NOFA4: Nordisk fagdidaktikk-konferanse i Trondheim 29.-31.mai 2013 Anne-Brit Fenner og Heming Gujord orienterte.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jan Paul Pietzuch tok initiativ til et felles symposium med innlegg fra IF og LLE. Ellers deltok flere fagdidaktikere fra IF og AHKR med individuelle innlegg. 			
IV	Saker			
S13/13	<p>Ny rammeplan for lektorutdanning for trinn 8-13 (vedlegg) Ny rammeplan for lektorutdanningen skal implementeres høsten 2014. Fagdidaktikerne på HF skal ha møte torsdag 20. juni for å diskutere rammeplanen. Følgende punkter bør diskuteres:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Praksis har ikke studiepoeng, men skal utvides. Hva skal kuttes for å unngå at studiet blir større i omfang? - Modeller for lektorutdanningen - Innholdet i praksis/100 dager 			
V	EVENTUELT			
		Anne-Brit Fenner		
				Silje Fjærestad Tollefsen

Opptakstall lektorutdanninger/ PPU høst 2013:

Integrert lektorprogram med master i fremmedspråk.

	Primærsøkere	Tilbud	JA-svar	Møtt
2011	57	50	35	32
2012	66	67	51	48
2013	73	48	28	28

Integrert lektorprogram med master i nordisk.

	Primærsøkere	Tilbud	JA-svar	Møtt
2011	25	38	23	19
2012	35	39	29	26
2013	39	50	38	37

Praktisk pedagogisk utdanning

	Primærsøkere	Tilbud	JA-svar	Møtt
2011	261	237	212	157
2012	266	211	152	127
2013	288	252	156	135

<u>S13/22</u>	Høringsuttalelse om implementering av ny rammeplan for lektorutdanning (vedtakssak) (vedlegg)
----------------------	--

Forslag til vedtak:

Det samfunnsvitenskapelige fakultet

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Det humanistiske fakultet

Det psykologiske fakultet

Referanse

2011/11995-HILLU

Dato

02.09.2013

Høyring - implementering av ny rammeplan for lektorutdanninga

Programstyret for lektorutdanning sender med dette på høyring nokre tilrådingar og eit utval spørsmål knytte til implementeringa av ny rammeplan for lektorutdanning.

Utgangspunktet for høyringa er at lektorutdanninga frå og med hausten 2014 skal vere i samsvar med ny nasjonal rammeplan for lektorutdanning for trinn 8–13. Det er Det humanistiske fakultet og Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet som har studieplanansvar for lektorutdanningsprogramma ved UiB, og desse fakulteta har ansvar for å sikre at rammeplanar og kvalitetssikringssystemet for desse programma vert følgde opp. Samtidig har Programstyret for lektorutdanning ansvar for heilskapen i lektorutdanninga, og ansvar for koordinering og framdrift i arbeidet med studieplanar og emneplanar. I tillegg er Det psykologiske fakultet involvert i lektorprogramma.

Programstyret har i arbeidet med implementering av rammeplanen hatt kontakt med lærarutdanningsmiljøet ved MN-fakultetet, HF-fakultetet og PS-fakultetet. I tillegg har ein lagt fram saka for universitetsleiinga sentralt, bl.a. i Utdanningsutvalet. Saka har òg vore diskutert i ulike organ som gjeld lærarutdanninga, dvs. lærarutdanningsutval/programutval, programstyret, praksisutvalet, og i møte programsensurarar. Det må poengterast at Programstyret er sett saman av representantar frå alle fakulteta som driv med lektorutdanning.

Dei høyringsspørsmåla som vert sende ut, er spesifiserte i høve til mottakarane.

Bakgrunn

Forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8-13 vart fastsett av Kunnskapsdepartementet 18. mars 2013 med heimel i lov om universitet og høøgskular av 1. april 2005 nr. 15 § 3-2 anna ledd. Dei nye rammeplanane er utforma som forskrifter og dermed forpliktande for institusjonane. Dersom lektorutdanninga ved UiB ikkje skulle vere i samsvar med rammeplanen for lektorutdanninga, vil ikkje lektorstudentane ved UiB få ei sertifisering som lektorar.

Mål for nye rammeplanar

Etter styringsdokumenta skal dei de nye rammeplanane ha som mål å:

- gje ei kvalitetsheving av lærarutdanninga 8-13
- vere ei tydelig integrert utdanning med koplingar mellom fag og fagdidaktikk, mellom fag, profesjonsfag og praksis
- tilpasse seg skulens behov for lærarkompetanse
- sikre at studentane møter tverrfaglege problemstillingar
- gje faglig fordjuping og forskingsaktive fagmiljø
- ha internasjonal utveksling
- ha meir praksis i lektorutdanninga

Hovudpunkt i ny rammeplan

UiB sitt noverande lektorutdanningsprogram er i stor grad i tråd med hovudintensjonane og profilen i den nye rammeplanen; krav til integrasjon, forskingsretting og profesjonsretting. Difor er det ikkje nødvendig for UiB å gjere grunnleggjande endringar, slik tilfellet har vore for ein del andre lærestader. Likevel vil sjølv mindre endringar få omfattande konsekvensar for fordelinga av emne over tid, fordi det involverer andre enn profesjonsfaga (PPU-delen av studiet).

Viktige styringsføresegner etter den nye rammeplanen er desse momenta:

1. 100 dagar praksis
2. profesjonsfag som fellesnemning på pedagogikk og fagdidaktikk
3. fordeling av praksis og profesjonsfag over fire år
4. fordjupingsoppgåve i det tredje studieåret (bacheloroppgave)
5. krav om minst to fag på 60 studiepoeng
6. krav om heilskap og samanheng der bl.a. kunnskap om det samiske skal takast vare på

Innhaldet i høyringsdokumentet

I høyringsdokumentet bed Programstyret om tilbakemelding på spørsmål som gjeld

- normalfordeling av praksis
- operasjonalisering av praksisopplæring i ulike kategoriar
- oppfølging av praksis
- aktuelle modellar for lektorutdanningsprogramma
- innpassing av utanlandsopphald
- plassering av praksis og pedagogikk i studieløpet
- SV-fakultetet si rolle i lektorutdanninga

Programstyret vil be om tilbakemelding på dei konkrete spørsmåla som vert stilte. Tilbakemelding på spørsmålet om aktuelle modellar er særleg kritisk, i og med at ny modell for lektorutdanninga må vere på plass innan 2013. I den samanhengen vil det vere føremålstenleg om fakulteta alt no startar med studieplanarbeidet.

Framdriftsplan:

1. 03.09.2013: Dette dokumentet vert sendt ut på høyring.
2. 10.10.2013: Høyringsfrist for fakulteta på dokumentet.
3. 06.11.2013: Programstyret samanfattar høyringsrunden.
4. 11.11.2013: Frist for fakulteta å sende inn framlegg til studieplanar for lektorutdanningsprogramma.
5. 12.12.2013: Programstyret handsamar studieplanframlegga.
6. 10.02.2014: Fakulteta orienterer Programstyret om utviklinga av emneplanar for lektorutdanninga

Med helsing

Endre Brunstad

Programstyreleiar

Hilde Hjertager Lund

programkoordinator

Vedlegg:

- 1 Høringsutkast - implementering av ny rammeplan for lektorutdanninga

02.09.13

Implementering av ny rammeplan for lektorutdanning ved UiB

Høringsdokument frå Programstyret for lektorutdanning ved UiB 2013



Programstyret for lektorutdanning ved Universitetet i Bergen

1. Mål med dokumentet

Integrert lektorutdanning skal frå og med hausten 2014 vere i samsvar med ny nasjonal rammeplan for lektorutdanning for trinn 8-13. Det føreset at det i løpet av haustsemesteret 2013 vert gjorde vedtak om nye studieplanar og ny praksisordning for lektorutdanninga.

Dette dokumentet har som mål å samanfatte nokre hovudpunkt, hovudutfordringar og hovudval i det pågåande arbeidet med å implementere rammeplanen. I dokumentet kjem Programstyret for lektorutdanning ved UiB (heretter kalla Programstyret) med tilrådingar overfor fakulteta som er involverte i lektorutdanninga, og bed om tilbakemeldingar på framlegg som gjeld innhald og prosess (jf. pkt. 7 i dokumentet). Det er spesifisert ein tidsplan for vedtaksprosessen (jf. pkt. 2).

2. Rammeplanprosessen ved UiB hausten 2013

Dokumentet tek utgangspunkt i at det er allmennfakulteta MN og HF som har studieplanansvar for lektorutdanningsprogramma, og at desse fakulteta har ansvar for å sikre at rammeplanar og kvalitetssikringssystemet for desse programma vert følgde opp. Fakulteta har òg ansvar for å utvikle relevante emne i tråd med rammeplanen.

Det er samtidig ein viktig premiss at Programstyret har ansvar for heilskapen i lektorutdanninga, og har ansvar for koordinering og dermed òg framdrift i arbeidet med studieplanar og emneplanar. Studieplanendringar i fakulteta skal såleis drøftast med Programstyret før det vert gjorde endelege vedtak i fakulteta, og både organisasjonsmodellen og lektorutdanninga si eigenart føreset kontakt og samarbeid på tvers av fakulteta. Dette momentet har vore ein sentral motivasjon for dokumentet og for det engasjementet Programstyret har stått for i saka i løpet av dei siste to åra.

Programstyret har over ein lengre tidsperiode hatt kontakt med MN-fakultetet, HF-fakultetet og PS-fakultetet om arbeidet med nye rammeplanar. I tillegg har ein drøfta spørsmålet med universitetsleiinga sentralt, bl.a. i Utdanningsutvalet. Saka har òg vore diskutert fleire gongar i ulike organ som gjeld lærarutdanninga, dvs. lærarutdanningsutval/programutval, programstyret, praksisutvalet, i møte med programsensorarar etc. Det har dessutan vore møte med fagdidaktikkmiljøet ved HF og ved MN og pedagogikkmiljøet.

På grunn av eigarskapstilhøva i lektorutdanninga og på grunn av dynamikken som har vore i utviklinga av rammeplanane, har ikkje Programstyret sett det som rett å setje ned ei eiga arbeidsgruppa for å implementere ny rammeplan. I staden har Programstyret sjølv fungert som utviklingsgruppe, i nært samarbeid med Praksisutvalet for lærarutdanning ved UiB. Sidan alle fakulteta er representerte i desse organa, meiner vi at dette koordineringsarbeidet har vore representativt nok i den fasen som no har vore.

Programstyret ser føre seg denne prosessen hausten 2013:

02.09.2013: Dette dokumentet vert sendt ut på høyring.

10.10.2013: Høyringsfrist for fakulteta.

06.11.2013: Programstyret samanfatar høyringsrunden.

11.11.2013: Frist for fakulteta å sende inn framlegg til studieplanar for lektorutdanningsprogramma.

12.12.2013: Programstyret handsamar studieplanframlegga.

10.02.2014: Fakulteta orienterer Programstyret om utviklinga av emneplanar for

lektorutdanninga

Det er viktig at tidsplanen vert halden, særleg for hausten 2013. Tidsplanen i haust er kritisk, fordi det er fleire moment som skal utviklast og presiserast etter at dei overordna rammene i form av studieplanar er lagde, bl.a. emneplanar, praksisplanar, praksisavtalar og kostnadsoverslag.

Utdanningsutvalet ved UiB vil få implementeringssaka som orienteringssak.

Programstyret føreset at det etter framlegging av studieplanar 11.11.2013 vil gå føre seg ein dialog mellom fakulteta og universitetsleiinga om korleis ein skal handtere meirkostnader ved nye modellar for lektorutdanning. I oppfølginga vil det òg måtte verte ein prosess som gjeld korleis ein skal handtere praksisutgifter, både internt ved UiB og overfor skuleeigarane. Programstyret ser på denne rekkjefølgja som mest ryddig: For å vurdere kostnader, må ein først kunne identifisere kostnader.

2. Bakgrunn

Rammeplanane gir nasjonale standardar for lærarutdanninga. Rammeplanane er forma som forskrifter, og er forpliktande for utdanningsinstitusjonane. Så lenge UiB skal ha lærarutdanningsprogram, må ein bygge programma på relevante rammeplanar. Dersom ein ikkje gjer det, har ein ikkje høve til å sertifisere lærarar.

Den første nasjonale rammeplanen for eittårig PPU kom i 1992, og inneheldt då òg detaljerte fagplanar med følgjande tematisering: innleiing, mål, innhald, organisering og arbeidsformer, vurdering. Rammeplanen gav ei fordeling av fagområda: 12 vektta fagdidaktikk, 8 vektta pedagogikk, 12–14 veker praksis.

I 1998 kom den andre rammeplanen for PPU. Der var det ei likefordeling (10-10) mellom fagdidaktikk og pedagogikk, og skikkavurdering vart innført.

I 2003 kom den tredje rammeplanen for PPU. Her tok ein vekk detaljerte fagplanar, og overlèt til institusjonane å utvikle desse. Det var vidare spesifiseringar om at praksis skulle vere rettleidd og vere knytt til relevante fag, likeins formuleringar om individuell praksis. PPU kunne etter 2003-planen vere organisert anten som byggingstudium eller som følgjestudium, og på den måten kunne integrert lektorutdanning følgje 2003-planen.

I 2013 kom så rammeplanar for lektorutdanning 8-13, praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag 8-13 og for yrkesfaglærarutdanning 8-13, medan praktiskpedagogisk utdanning for 8–13 ikkje er endeleg vedteken. Førreått hadde det vore ein grundig prosess med ulike rammeplanutval nedsette i mars 2011, diverse konferansar og møte 2011–2012, førsteutkast i februar 2012 med høyringsrunde, høyringsutkast frå departementet med høyringsfrist 30. november 2012, før departementsvedtaka våren 2013.¹

I utgangspunktet skulle nye rammeplanar implementerast hausten 2013, men pga.

¹ Ei samleside for arbeidet i rammeplanutvalet for integrert lektorutdanning finn ein på denne vevsida:

http://uit.no/publikum/prosjekter/prosjekt?p_document_id=239592

Ei samleside for høyringsprosessen frå Kunnskapsdepartementet om rammeplanar finn ein her:

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/kd/Dokument/Hoyringar/Hoyringsdokument/2012/horing--forskrift-om-rammeplaner-for-lar.html?id=698284>

UiB si høyringsfråsegn finn ein her:

http://www.regjeringen.no/pages/38025322/Universitetet_i_Bergen.pdf

Rammeplanen på Kunnskapsdepartementet sine sider:

<http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Rammeplanen/lektorutdanning.pdf>

interne forseinkingar sette departementet hausten 2014 som ny frist. Av universiteta er NTNU det einaste som vil byggje på den nye rammeplanen alt frå hausten 2013. Grunnlaget for arbeidet med rammeplanane har vore stortingshandsaminga av St.meld. nr. 11 (2008-2009) *Læreren – Rollen og utdanningen* med tilhørende Innst. S. nr. 185 (2008 – 2009), i lag med innføringa av nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning. Overordna mål for nye rammeplanar er etter styringsdokumenta:

- ei kvalitetsheving av lærarutdanninga 8–13
- ei tydeleg integrert utdanning med koplingar mellom fag og fagdidaktikk og mellom fag, profesjonsfag og praksis
- tilpassing til skulens behov for lærarkompetanse
- at studentane skal møte tverrfaglege problemstillingar
- fagleg fordjuping og forskingsaktive fagmiljø
- internasjonal utveksling
- meir praksis for lektorutdanninga

Det kan i tillegg føyast til at ein frå politisk hald har ønskt ei harmonisering og oppdatering av strukturen i all lærarutdanning. Såleis har der vore reformar knytte til grunnskulelærarutdanninga (GLU-reforma) og barnehagelærarutdanninga (BLUreforma) dei seinare åra.

Kunnskapsdepartementet har presisert at ein vil ettersende eit rundskriv med merknader til dei nye rammeplanane.² I tillegg vil det verte formulert nasjonale retningslinjer for faga i utdanninga, og det vil truleg Nasjonalt råd for lærarutdanning (NRLU) få ansvar for. Utarbeidinga av slike nasjonale retningslinjer kan minne om tendensen i rammeplanen av 1998 med fagplanar, og NRLU har alt drøfta korleis ein skal organisere arbeidet med å lage fagplanar. Her ligg ein fare for politisk sentralstyring på detaljnivået. Samtidig er det rom for tolkingar av innhaldet i rammeplanen, og representantar frå Kunnskapsdepartementet har på spørsmål gitt uttrykk for at det skal vere rom for variasjon og eigenart i lektorutdanninga. Det siste poenget er viktig for UiB som ønskjer minst mogleg detaljerte nasjonale fagplanar, og mest mogleg fagleg fridom for institusjonane og fagmiljøa. UiB har i NRLU fått gjennomslag for at omsynet til fagleg og institusjonell autonomi skal gå inn som ein premiss i arbeidet med nasjonale retningslinjer.

For det eittårige påbyggingsstudiet PPU er rammeplanen ikkje godkjend av Kunnskapsdepartementet. Dei politiske signala tilseier ikkje vesentlege endringar i høve hovudopplegget i høyringsutkastet. Det vil i så fall seie at kravet om to undervisningsfag vert innført, og at kravet om mastergrad for opptak til PPU vert innført i løpet av nokre år. Eit slikt masterkrav vil på kort sikt vere utfordrande med tanke på studentrekruttering til PPU. På lengre sikt vil det vonleg vere med på å auke rekrutteringa til mastergrad, auke kvaliteten på lærarar som vert utdanna ved UiB, og markere mastergraden som eit allment kjenneteikn på lærarutdanning ved universiteta (i motsetnad til ei lærarutdanning ved høgskulane der ein framleis har høvet til å ta fireårig grunnskulelærarutdanning). Implementering av UiB si PPU-utdanning i høve nasjonal rammeplan for PPU vert ivareteken gjennom eit eige utval sett ned av Programstyret.

² Jf. samleside for ferdige rammeplanar: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/aktuelt/nyheter/2013/nye-forskrifter-om-rammeplan-forlarerut.html?id=718017>

3. Nokre hovudmoment i den nye rammeplanen

Generelt er UiB si lektorutdanning i tråd med hovudintensjonane og profilen i den nye rammeplanen. På den måten er det ikkje nødvendig for UiB å gjere grunnleggjande endringar, slik tilfellet har vore med t.d. lektorutdanninga ved NTNU. Likevel er der visse endringar som må til, og jamvel mindre endringar kan få omfattande konsekvensar for fordelinga av emne over tid, bl.a. fordi dei involverer andre enn profesjonsfaga.

Her er punktvis dei mest relevante endringane i den nasjonale rammeplanen, dvs. moment som har endringseffekt i høve til den noverande lektorutdanning ved UiB:

1. 100 dagar praksis i lektorutdanninga

Heile praksisfeltet vert handsama i eit eige underkapittel nedanfor.

2. Profesjonsfag som nemning på fagdidaktikk og pedagogikk, men framleis spesifisert fordeling på 30 studiepoeng pedagogikk og 30 studiepoeng fagdidaktikk

Bruken av profesjonsfag om fagdidaktikk og pedagogikk indikerer ein fellesskap. Når det gjeld fordelinga mellom fagdidaktiske kurs, er det opna for at HF-fakultetet kan halde på ordninga med 20 studiepoeng fagdidaktikk på fag I og 10 studiepoeng fagdidaktikk på fag II.

3. Fordeling av praksis og profesjonsfag over fire år

I den femårige studieperioden er det eit ønskemål om at det siste året skal vere fri for praksis, og at studentane dermed kan konsentrere seg om masteroppgåva. Det tilseier òg at profesjonsfaga vert fordelte over dei fire første åra. Sjølvse fordelingsnøkkelen er ikkje fastspikra, og ulike fagmiljø har kome med sine ønskemål både når det gjeld storleik på emne og plasseringa av dei i studieløpet. Sjå eige underkapittel om modellar for lektorutdanninga

4. Fordjupingsoppgåve i det tredje studieåret (bacheloroppgåve)

Alle lektorutdanningsprogram skal ha ei bacheloroppgåve i fag I eller fag II. KD har signalisert at lærestadene kan setje høgare krav til å få godkjent ei bacheloroppgåve enn minstekarakteren i skalaen; t.d. kan ein setje krav til oppgåva som tilfredsstillar karakteren C.

5. Krav om to fag og minst 60 studiepoeng på fag II

Dette kravet har verknader både for MN og HF sine lektorprogram, og får dermed konsekvensar for fordeling av emne i studieløpet som heilskap.

6. Krav om heilskap og samanheng der bl.a. kunnskap om det samiske skal takast vare på

Krav om heilskap, integrasjon og visse kunnskapsmål (t.d. om det samiske) i føreset at Programstyret for lektorutdanning spelar ei aktiv rolle, og at Programstyret både legg føringar og er i dialog med dei som formar emneplanar.

4. Praksis i lektorutdanninga

5.1 Generelt om praksis i rammeplanen

UiB var kritisk til innføringa av 100 dagar praksis i lektorutdanninga (jf. høyring frå UiB). Likevel var det, i dagens utdanningspolitiske klima, inga overrasking at ein fekk innført så mange dagar. Forskjellen frå høyringsutkastet var at nemninga ”100 arbeidsdagar” vart nytta i staden for ”100 dagar”. Det må forståast som ei tydeleggjering av at praksis er mangfaldig, og inneheld *meir* enn det som ein i dag registrerer som praksis, nemleg klasseromsundervisning.

Nokre moment som gjeld profilen på praksis, slik rammeplanen definerer den: Praksis skal for det første vere ”veiledet, vurdert og variert”, gå over fire av fem år, og ha progresjon. Det skal vere ein samanhengande og meir sjølvstendig praksisperiode i løpet av dei to siste åra. Praksis skal ikkje berre vere knytt til profesjonsfaget (dvs. fagdidaktikk og pedagogikk) slik som i dag, men òg til fag I og fag II, dvs. studiefaga, kva no enn det vil tyde (jf. nedanfor).

Utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette for at delar av utdanninga kan takast i utlandet, og ein skal fastsetje vilkår for å få godkjent opphaldet som det av fagstudiet og som del av praksisopplæringa.

Den integrerte lektorutdanninga får ein meir omfattande praksisdel enn eittårig PPU (som etter planen får 60 dagar praksis).

5.2 Prinsipp for praksis

Dagens praksisordning ved UiB har visse overordna trekk som bør vidareførast, og visse trekk som bør styrkjast:

1. Gradvis innføring i praksis: frå bli kjent-tur og observasjon, vis mindre undervisningsbitar til individuell praksis.
2. Individuell praksis skal vere ein vesentleg del av praksis.
3. All praksis er rettleidd.
4. Studentane skal ha praksis i både ungdomsskulen og vidaregåande skule.
5. Praksisperiodane skal vere mest mogleg fleksible.
6. Praksisopplæringa skal vere mest mogleg integrert med studiet som heilskap.

I tillegg til desse overordna prinsippa kjem det ulike retningslinjer, ønskemål og arbeidsformer som kan vere meir konjunkturavhengige av universitetspolitikk og ulike samarbeidskonstellasjonar, men som uansett er gode hjelpemiddel for å nå overordna målsetnader. Dette gjeld blant anna:

- samarbeidsordningar om praksisskular (t.d. dagens ordning med partnerskular og ei framtidig ordning med universitetsskular)
- kopling av forskning og utviklingsarbeid til praksis
- generell organisering av praksis (gjennom praksisadministrasjonen)
- skulering av praksispersonalet (t.d. gjennom rettleiarutdanning)

5.3 Å definere praksis

Dagens praksisregime for lektorutdanninga ved UiB følgjer nasjonal rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning frå 2003 der praksisopplæringa “skal omfatte arbeidsinnsats tilsvarende 12–14 uker” og der tid til “individuell undervisning” skal

“omfatte minst 8 undervisningstimer pr. uke”. Til liks med eittårig PPU har ein i lektorutdanninga ved UiB i dag ei lokal ordning med dokumentasjon av 120 undervisningstimar i 7. og 8. semester, men i tillegg har ein obligatorisk skuleerfaring i 1., 3. og 5. semester. (Dette tillegget har ikkje eittårig PPU, og dermed har vi alt i dag ein forskjell i omfanget på praksis mellom dei to lærarutdanningsprogramma.)

Ut frå rammeplanen for lektorutdanning er det klårgjort at 100 “arbeidsdagar” omfattar meir enn klasseromsundervisning. Ei vesentleg endring i høve dagens praksis vil då vere at ein skal kunne dokumentere og kvantifisere òg dei praksisformene som går føre seg utanfor klasserommet. I den samanhengen er det, som nemnt ovanfor, verdt å peike på at det òg i dagens praksisregime er forventa andre aktivitetar i praksis enn dei 120 timane med klasseromsundervisning.

I den nemnde praksisloggen er det lista opp desse aktivitetane:

- møte med skulens rektor/administrasjon
- møte med rådgivarar/spesiallærarar
- info om skulens FoU
- møte med tillitselevar
- møte med tillitsvald
- møte i fellestid/teamtid for lærarar
- samtale med elevar og foreldre

Denne logglista/aktivitetslista viser forventingar om ei brei praksiserfaring for PPU-studentar og lektorstudentar ved UiB, men det er uklårt korleis desse forventningane vert regulerte. Det viser seg at bruken av praksisloggen har vore høgst variabel. I tillegg må det nemnast at dei aller fleste studentar i dag får prøve seg på vurdering i faga sine, bl.a. gjennom rettleiing/vurdering av elevtekstar, men omfanget er det grunn til å tru varierer frå fag til fag. Samla sett må ein kunne seie at det einaste formelle og reelle styringsinstrumentet for å regulere studentars praksis, har vore kravet til 120 timar undervisning. I så måte er kravet i den nye rammeplanen om 100 dagar praksis, interessant og utfordrande, og gir høve til å tenkje gjennom innhaldet i praksis på nytt.

Arbeidsgruppa PRAKSIS ved MN-fakultetet, UiB, definerer i eit notat praksisopplæring på denne måten:

Som praksisopplæring regnes bare veiledet praksis basert på studentens egen undervisningspraksis. Dvs. at praksis er førstehåndserfaringer med etablerte praksiser i skolen (eller andre aktuelle undervisningsarenaer) som er forberedt og/eller fulgt opp med situasjoner som skal fremme studentenes refleksjon og læring fra praksiserfaringer. Førstehåndserfaringer vil inkludere planlegging, gjennomføring, deltagelse og etterarbeid knyttet undervisning av elever, undervisningsrelaterte møter på skolen og observasjon av undervisning og møter³

Denne definisjonen er open for ulike praksisformer, samtidig som den presiserer at praksis må vere rettleidd, førebudd, og må følgjast opp pedagogisk og fagdidaktisk. Sjølv om praksis er skuleorientert, er det ikkje slik at det å vere i skulen, i seg sjølv

³ ”Notat fra arbeidsgruppen PRAKSIS” datert 20. mars 2013, gruppe ved MN-fakultetet leidd av professor Stein Dankert Kolstø.

kan karakteriserast som praksis. Omvendt er det eit poeng å slå fast at fleire praksisformer utanfor skulen, skal kunne telje som praksis, såframt desse er skuleorienterte, og er følgde opp med rettleiing og refleksjonsarbeid. Her er det opna for spennande nytenking. Det er med andre ord ikkje tale om at studentar t.d. i første semester skal vere fysisk i skulen i 12 dagar, men at med forarbeid, etterarbeid og ulike møte, samtalar og aktivitetar skal vere eit aktivitetsinnhald som samla sett kan karakteriserast som praksis og som samla sett har eit omfang som går over 12 arbeidsdagar.

Rammeplanutvalet for lektorutdanning og PPU laga eit utkast til nasjonale retningslinjer, og der definerte ein praksis på denne måten: ”Praksisopplæringa består 3 at de aktivitetar som inngår i en lærers arbeidsplansfestede dag.”⁴ I St. meld. 19, *Tid til læring*, definerer ein arbeidsdagen til ein lærar på denne måten:

Lærerne har et avtalefestet netto arbeidsår på 1687,5 timer. Av dette årsverket er 38 uker sammenfallende med elevenes skoleår. I tillegg avsettes 1 uke (37,5 timer) til kompetanseutvikling og planlegging.

Lærerne får avsatt tid til undervisning, annet arbeid med elever, kollegialt samarbeid, for- og etterarbeid, samarbeid med foresatte og instanser utenfor skolen, faglig-administrative oppgaver og andre planlagte oppgaver

5.4 Plassering av praksis i studieløpet

Rammeplanen for lektorutdanninga tilseier at praksisopplæringa skal fordelast over minst fire av fem studieår. Dagens struktur for praksisopplæringa ved UiB si lektorutdanninga tilfredsstillar alt i dag eit slikt krav. Vi tek dermed utgangspunkt i dagens lektorutdanning ved UiB der ein har *skuleerfaring* i 1., 3. og 5. semester og ein samanhengande sjølvstendig og meir *individuell* praksisperiode i 7. og 8. semester. I det nye praksisregimet må skuleerfaring kallast *praksis*, og ein utvidar desse praksisperiodane til 12 dagar kvar dei tre semestera, dvs. til saman 36 dagar praksis på BA-nivå.

I dag er skuleerfaringsperioden i 1. semester knytt til pedagogikk, skuleerfaringa i 3. semester er knytt til fagdidaktikk i fag 1 og skuleerfaringa i 5. semester er knytt til fagdidaktikk i fag II i samarbeid med pedagogikk. Denne løysinga verkar fagleg og logistisk fornuftig, fordi den tilfredsstillar ønsket om å kople praksis til profesjonsfaget. Av den grunn bør ordninga oppretthaldast ved UiB.

Praksis skal kunne knytast til studiefag og profesjonsfag. Dagens fordeling av praksis og emne i 1., 3. og 5. semester er basert på ønsket om å gjere denne tilknytninga best mogleg. Sidan førstesemesteret er eit introduksjonssemester for studiet generelt, har praksis òg eit introduksjonspreg, samtidig som ein følgjer kurs i pedagogikk. I det 3. og det 5. semesteret er studentane på andresemesteret i fagstudiane sine, og på desse stadia i studiane sine har studentane eit betre grunnlag for å kople fag og praksis enn tilfellet er dei aller første månadene av eit studium. I baa dei to sistnemnde semestera (3. og 5.) har studentane kurs i fagdidaktikk.

Eit problem med dagens fordeling av kurs og emne er konsentrasjonen om haustsemestra, det problemet gjeld særleg for profesjonsfaga og særleg pedagogikk som har dei fleste kurs sine i lektorutdanninga om haustsemesteret. Her har pedagogikkmiljøet ønske om endring (jf. nedanfor). Der er òg eit problem som gjeld

⁴ Jf. Internett: <http://uit.no/Content/306735/Nasjonale%20retningslinjer%20LU%208-13.pdf>

praksisfeltet ved at all skuleerfaring er om hausten. Ei endring på dette området vil samtidig skape sine problem.

Koplinga mellom praksis og profesjonsfaglege emne har ved UiB fått den konsekvensen at ein har mange småe kurs, bl.a. femstudiepoengs-kurs. Kvar student har fire pedagogikkurs (10 + 5 + 10 + 5 stp) og fem fagdidaktikkurs (5 + 5 + 5 + 5 + 10 stp). Pedagogikkmiljøet ønskjer tre kurs på 10 stp., og ein vil helst unngå for stor konsentrasjon om haustsemesteret (jf. pkt. 6.4).

Det er i rammeplanen presisert at det skal vere progresjon i praksisopplæringa, og ordninga med at ein startar med observasjon og bli-kjent-med-skulen-aktivitetar før ein gradvis går over til ulike typar undervisningserfaringar, er i samsvar med ein slik progresjonstankegang. Progresjonsmålet gjeld òg dei første semestera. Det er med andre ord underforstått at praksisopplegget for 1., 3. og 5. semester ikkje skal vere identisk. Sjølve utforminga av praksisinnhaldet må vere dynamisk, og det er ikkje meininga at det skal detaljregulerast, men for å unngå ”meir av det same” i t.d. 1., 3. og 5. semester, trengst det nokre retningsliner (jf. pkt. 6.3).

Ein praksismodell skal først og fremst seie noko om den overordna tenkjemåten og vere retningsgivande for den overordna profilen som praksisopplæringa ved UiB skal ha. Justeringar må fagmiljøet ha fridom til å gjere undervegs.

Plasseringa av dei ulike praksisdagane i ulike semester kan vere relativt fleksibel. På BA-nivået kan ein såleis tenkje seg at dei involverte fakulteta står noko fritt til å utarbeide praksisdagar med t.d. visse kjerne-/fellesdagar med før- og etterarbeid, og meir individuelt organiserte dagar etter ei mentorordning (jf. MN sine ordningar). Ønsket om valfridom må så vurderast opp mot kva som er praktisk mogleg for praksisadministrasjonen. Her spelar *omfanget* av variasjon ei rolle. For heilskapen er det uansett ryddig å operere med ei normalfordeling av praksis (jf. fig. 1 nedanfor).

I den nye praksismodellen kan vi for dei sjølvstendige praksisperiodane ta utgangspunkt i dagens ordning med fleksibel praksis på 8 veker i to semester. Fem arbeidsdagar i åtte veker tilseier 40 dagar praksis. Ein må samtidig ta omsyn til at det i praksisperiodane vil måtte vere fagundervisning på universitetet, dvs. at studentane i praksisperioden skal ha rom for anna enn praksis. Dersom vi tenkjer oss éin arbeidsdag med fagundervisning på kampus i kvar av dei åtte vekene, får vi til saman 32 arbeidsdagar i løpet av åtte veker. Samla sett får vi då denne praksisfordelinga:

Semester	Praksistype	Praksisdagar
1.	Erfaringspraksis knytt til pedagogikk	12 dagar
2.		
3.	Erfaringspraksis knytt til fag I	12 dagar
4.		
5.	Erfaringspraksis knytt til fag II og pedagogikk	12 dagar

6.		
7.	Sjølvtendig praksis, normalt på ungdomsskulen	
8.	Sjølvtendig praksis, normalt på vgs.	32 dagar
9.		
10.		
Til saman		100 dagar

Fig. 1. Normalfordeling av praksis i lektorutdanninga

Oversikta ovanfor viser ei normalfordeling, og som nemnt ovanfor, kan der vere rom for variasjon. Ein kan i prinsippet tenkje seg at det på MA-nivået er mogleg å 10

utvidene vekene med fleksibel praksis til 10 eller 12 veker, dersom fagmiljøet finn det tenleg og forsvarleg. Ein skal vere merksam på at rammeplanen tilseier at all praksis må vere godkjend før avsluttande eksamen.

Integrasjonsmomentet ved praksis kan forståast på mange måtar, men eitt trekk ved dagens ordning ved UiB som er i samsvar med den nye rammeplanen, er at studentane skal ha praksis tidleg i studiet, og møter profesjonsfaga tidleg i studiet.

5.5 Operasjonalisering av praksis i UiB si lektorutdanning

Med bakgrunn i den prinsipielle diskusjonen ovanfor er det på tide å operasjonalisere eit utvida praksisomgrep som kan brukast i høve lektorutdanninga ved UiB. I operasjonaliseringa kan det vere føremålstenleg å skilje mellom nokre overordna kategoriar som til saman kan seiast å utgjere praksis. Kategoritermane er ikkje det vesentlege her; det vesentlege er kva som skal definerast som praksisinnhaldet, og korleis dette så skal vektleggjast. Ein må her òg føresetje ein viss fleksibilitet og valfridom mellom dei ulike fakulteta, t.d. i spørsmålet om ein vil vektleggje notatskriving.

Kategori A Skuleundervisning (65–75 dg.)

Eit kjerneelement i skuleundervisninga er klasseromspraksis, gjennom observasjon og gjennom eigen undervisning i par og individuelt. I tillegg til klasseromsundervisning er det forventa at studentane får rettleie og vurdere elevtekstar eller andre elevarbeid. Førebuing og etterarbeid til klasseromsundervisning er, saman med individuell og kollektiv elevrettleiing, òg viktige målsetnader. Vi kan her skilje mellom desse kategoriane:

- A1. Klasseromsundervisning
- A2 Førebuing til undervisning
- A3. Rettleiing av elevtekstar
- A4. Vurdering av prøver, framføring, elevtekstar etc.

- A5. Observasjon av anna undervisning

For å streke under kor viktig den individuelle klasseromsundervisninga er for vår praksisopplæring, er det rimeleg å spesifisere visse krav som gjeld nettopp det.

Kategori B Skulerelatert kontakt (5–15 dg)

Studentane skal gjennom praksis få kjennskap til korleis skulestrukturen er bygd opp og korleis desse strukturane fungerer i praksis. Studentane skal òg få møte skuleleiing, lærarar og elevar i formelle og uformelle samanhengar, utanom klasesituasjonen. Det vil vere ein bonus om studentane dessutan får kjennskap til andre aktørar som har relasjonar til skulen, t.d. gjennom ulike støttefunksjonar for helse, funksjonshemmingar etc. Her kan vi splitte opp i desse kategoriene:

- B1. møte med skulens rektor/administrasjon
- B2. møte med rådgivarar/spesiallærarar
- B3. Info om skulens FoU
- B4. møte med tillitslevar
- B5. møte med tillitsvald
- B6. møte i fellestid/teamtid for lærarar
- B7. samtale med elevar og foreldre.
- B8. Samtale med skuleleiing
- B9. Samtale med elevar
- B10. Seksjonsmøte
- B11. Klassemøte
- B12. Fellesmøte
- B13. Foreldremøte
- B14. Møte med eksterne samarbeidspartnarar: PPT, Statped, helsesøster etc.

Det må understrekast at det ikkje skal vere meininga at alle studentar skal møte t.d. helsesøster i praksisen sin, men det er her tale om eksemplifiseringar av måloppnåingar.

Kategori C Skulebasert erfaringsutveksling og refleksjon (10–20 dg)

Eit viktig element i vår praksisopplæring er at studentane får kvalifisert rettleiing frå universitetslærarar som òg møter studentane i fagdidaktikk og pedagogikk, og likeins at studentane får dele praksiserfaringar med medstudentar. Eksempel på erfaringsutveksling og refleksjon er dette:

- C1. Undervisningsverkstad
- C2. Temaseminar
- C3. Mappe (utviklingsmappe og FoU-mappe)
- C. 4. Rettleiing med rettleiar frå UiB og med studentar
- Semester: 1:C2 3:C2 5:C2 7:C1,C4 8:C1,C4

I diskusjonane om eit utvida praksisomgrep har det kome åtvaringar imot auka krav om notat- og rapportskriving som del av praksis; dette vert lett ei ekstrabør som òg kan ha ein demotiverande effekt. Her kan det òg visast til den pågåande diskusjonen rundt skjemavelde og rapportskriving hos lærarane i skulen.

Kategori D Medstudentrettleiing (2 dg)

For å styrkje studentane sine læringsstrategiar og studentmiljøet som læringsarena, kan det vere interessant å bruke studentkontekstar som praksisarenaer. Eksempel er desse:

- D1. Skriverettleiing
- D2. Kollokviearbeid
- D3. Laboratoriearbeid
- Semester: 5:D2 7:D1

Denne siste kategorien vil kunne vere relevant for t.d. studentar på språkfag som driv med skriverettleiing, bl.a. i samarbeid med eit planlagt senter for studentskriving ved HF-fakultetet. Her er det samtidig ein del spørsmål som gjeld lærarutdanningsaspektet; det er t.d. ikkje meininga at ordinær kollokvieleiing skal definerast som praksis. For merknader til modelltenkinga som heilskap: sjå nedanfor modellen.

	Undervisning	Skulerelatert kontakt	Erfaringsutveksling og refleksjon	Studentrettleiing
Dagar	65-75	5-15	10-20	2
Semester	1:A5 3:A5 5:A1–A2,A5 7:A1-A5 8: A1-A5	1: 3: 5: 7: 8:	1:C2 3:C2 5:C2 7:C1,C4 8:C1,C4	1: 3: 5:D2 7:D1 8:
Mål	Eit kjerneelement er klasseromspraksis, gjennom observasjon og gjennom eigen undervisning i par og individuelt. I tillegg til klasseromsundervisning er det forventa at studentane får rettleie og vurdere elevtekstar eller andre elevarbeid. Førebuing	Studentane får kjennskap til korleis skulestrukturen er bygd opp og korleis desse strukturane fungerer i praksis. Studentane skal òg få møte skuleleiing,	Studentane får kvalifisert rettleiing frå universitetslærarar og får dele praksiserfaringar med medstudentar.	Bruk av universitetsstudentar kan vere relevant å fleire samanhengar.

	og etterarbeid til klasseromsundervisning er, saman med individuell og kollektiv elevretteiing, òg viktige målsetnader.	lærarar og elevar i formelle og uformelle samanhengar, utanom klasesituasjon. Det vil vere ein bonus om studentane dessutan får kjennskap til andre aktørar som har relasjonar til skulen, t.d. gjennom ulike støttefunksjonar.		
Eksempel på aktivitetar	<ul style="list-style-type: none"> • A1. Klasseromsundervisning • A2. Førebuing til undervisning (ulikskapar mellom fag?) • A3. Rettleiing av elevtekstar • A4. Vurdering av prøver, framføring, elevtekstar etc. • A5. Observasjon av anna undervisning 	<ul style="list-style-type: none"> • NB! Eksempelliste: • B1. møte med skulens rektor/administrasjon • B2. møte med rådgivarar/speciallærarar • B4. møte med tillitselevar • B5. møte med tillitsvald • B6. møte i fellestid/teamtid for lærarar • B7. samtale med elevar og foreldre. • B8. Samtale med skuleleiing • B10. Seksjonsmøte • B11. Klassemøte • B12. 	<ul style="list-style-type: none"> • C1. Undervisningsverkstad • C2. Temaseminar • C3. Mappe (utviklingsmappe og fou-mappe) • C. 4. Rettleiing med rettleiar frå UiB og med medstudentar 	<ul style="list-style-type: none"> • D1. Skriveretteiing • D2. Kollokvi earbeid • D3. Laboratoriearbeid

		Fellesmøte • B13. Foreldremøte • B14. Møte med eksterne samarbeidspart nerar, t.d. PPT, Statped, helsesøster etc.		
Eksempe l på mål		Informasjon om blant annet skulens organisasjon, profil, satsingsområde, FoU-arbeid, bibliotek, infrastruktur.		

Fig. 2. Modell for operasjonalisering og fordeling av praksisopplæringa ved UiB

Modellen som er vist i fig. 2 ovanfor må sjåast på som eit prinsipputkast. Utgangspunktet er at det er nødvendig å definere tydelegare kva slags aktivitetar som faktisk ligg i praksis. Modellen gir uttrykk for ei idealtypisk løysing av teljeregimet; føremålet er å tydeleggjere kva som skal til, ikkje nødvendigvis å formulere fasiten. Kategoriane er først og fremst eit forsøk på å synleggjere kva praksis går ut på, og ei slik synleggjering er nødvendig i og med at UiB har ein ansvar for å dokumentere 100 dagar praksis.

I drøftingar i programstyret og praksisutvalet har det vore uttrykt allmenn støtte til denne framgangsmåten, og modellen har vore drøfta i fleire forum.

Idealtypisk kan ein tenkje seg to ekstreme tilnæringsmåtar til modellen:

1. La studentane vere ute i praksis, og la dei skrive ein praksislogg i etterkant der dei plasserer aktivitetane i høve til kategoriane i modellen.

2. Definere på førehand kva for praksismåtar som studentane skal ha, og så

gjennomføre praksis i høve til eit skjema.

Den første av desse to tilnæringsmåtene har som utgangspunkt at praksisfeltet automatisk vil følgje opp intensjonane i UiB sin praksispolitikk, og at det ikkje er nødvendig med særleg styring frå UiB si side. Problemet er her naivitet og at UiB då vil abdisere i praksispolitikken sin, i alle fall når det gjeld styring. Den andre tilnæringsmåten har i si ekstreme form ei sterk kontrollside. Problemet vil her vere eit rigid system utan tillit til aktørane og til variasjon. Løysinga må med andre ord vere ein mellomposisjon der UiB faktisk driv med aktiv praksispolitikk, samtidig som har openheit og fleksibilitet som gir rom for tillit. Utforminga av denne mellomposisjonen må gjerast i samarbeid med praksisfeltet, og Programstyret føreset at Praksisutvalet følgjer opp problemstillingane.

Mest kontroversielt er spørsmålet om kva som vert rekna som praksis utanfor skulen (og utanfor klasserommet).

Praksis i 1., 3. og 5. semester må ha ein progresjonsskala som vert spesifisert i studieplanen og i ulike emneplanar for praksis.

Ein må vidare kvantifisere omfanget/mogleg omfang av dei ulike delkategoriane, og tenkje ut eit opplegg for dokumentasjon. I utgangspunktet bør ein presisere eit minimumstal for klasseromsundervisning (dvs. at ein synleggjer klasserompraksisen).

Det er ikkje urimeleg å tenkje seg ei vekting mellom ulike skulefag når det gjeld førebuingstid i praksis, jf. det faktum at det er meir førebuingstid til t.d. norskfaget enn til kroppsøvingsfaget i vgs. Ein må vidare forvente at studentane får meir tid til førebuing enn det som gjeld for tilsette lærarar. Alt dette må igjen få konsekvensar for utrekningane.

Praksisutvalet må i samarbeid med relevante aktørar gi innspel for å operasjonalisere praksis i lektorutdanninga. Det må samtidig lagast eit kvantifiserbart/rapporterbart system.

5.7 Styrking av kvaliteten i praksis

Det er generell semje i lærarutdanningsmiljøet om at praksisopplæringa står overfor fleire utfordringar. Det er behov for å styrkje praksisopplæringa og å styrkje samarbeidet med skulane og skuleeigarane.

Etableringa av partnerskulemodellen ved UiB var i si tid eit forsøk på å styrkje banda mellom UiB og praksisfeltet, og skulle i tillegg bidra til kompetanseheving av skulane og av UiB gjennom fou-verksemnd og etter- og vidareutdanning av lærarar i skulen. I 2006 var det formulert ganske omfattande planar for partnerskulesamarbeid: https://www.uib.no/filearchive/rapport_partnerskoleutvalget_mai_-2006-1-.pdf

Ambisjonsnivået måtte modifiserast, bl.a. gjennom tilbakemeldingar frå skulane om kva som var ønskeleg og realistisk å få til. Samtidig ser vi at andre universitet som Universitetet i Oslo og Universitetet i Tromsø har auka ambisjonsnivået gjennom oppretting av universitetsskular. I den samanhengen er det interessant at det nye rektoratet ved UiB har sett opp etablering av universitetsskular i programmet sitt. Der skriv Team Olsen 2013:

- *etablere universitetsskoler med kompetansekrav til skolene og forpliktelser fra UiB - stimulere til mer forskning på praksis*
- *Videreutvikle samarbeidet med ungdomsskoler og videregående skoler gjennom*

*ordning med partner-/universitetsskoler. UiB skal tilby faglig oppdatering av lærere, men også muligheter for elever med spesielle forutsetninger til å ta introduksjonsemner ved universitetet. Det vil også bli vurdert å etablere mer formalisert samarbeid mellom skolene og universitetet gjennom opprettelse av forskerlinje ved partner-/universitetsskolene*⁵

Ideen frå rektoratet om universitetsskular er interessant, og Programstyret stiller seg positivt til tiltaket. Gjennom det arbeidet som no går føre seg med å vidareutvikle praksis, kan etableringa av universitetsskular vere eit viktig tiltak.

Arbeidet med å innføre ein modell for universitetsskular må gjerast i samarbeid med skular, skuleeigarar og universitetsleiinga, og må ha ei tydeleg forankring i eit tverrfakultært samarbeid. Universitetsskular inneber òg eit sterkare engasjement frå fagdidaktikarar og pedagogar overfor lærarar på praksisskular, bl.a. gjennom fousamarbeid, tilbod om faglege oppdateringar, nettverksforum, gjensidige plikter. Erfaringar frå Universitetet i Oslo tilseier at for å få det til, må ein ha ei budsjettmessig forankring, dvs. ein må kunne styre praksisfeltet gjennom eitt eller fleire budsjett. Dagens ordning der Det psykologiske fakultet forvaltar praksisbudsjettet, er ikkje optimal, fordi arbeidsplikta til fagdidaktikarar er knytt til andre fakultetsbudsjett. Budsjetthandlinga av praksis er eit såpass samansett emne at det ikkje kan handsamast her, men det er på sin plass å nemne noko av problematikken.

Generelt vil innføringa av 100 praksisdagar ha budsjettmessige konsekvensar, og det må lagast nye praksisavtalar med skuleeigarane.

Det må nemnast at det er mykje positivt som går føre seg på praksisfeltet, t.d. i realfagsnettverket mellom MN-fakultetet og praksisskular og gjennom partnerskulesamarbeidet. Samtidig er det gjennom endringane som skuldast rammeplanarbeidet i dag ein god kontekst for ei generell nyorientering i praksisfeltet, og her vil universitetsskular kunne vere ein god reiskap.

6. Modellar for lektorutdanninga generelt

Det må lagast ny studieplan og nye emneplanar i tilknytning til den nye lektorutdanningsmodellen.

Det er føremålstenleg at praksis og pedagogikk vert plassert likt i løpet for MN og HF, men med rom for variasjon når det er fagleg motivert og ikkje skaper logistiske vanskar for praksisadministrasjonen. Emnekurs og fagdidaktikk vil fakulteta sjølve kunne plassere fritt.

I denne drøfting vil det først verte presentert dei eksisterande modellane og deretter nokre framlegg til nye modellar.

Presentasjonen vert delt opp i høve til dei fakultetsspesifikke programma, dvs. MN-fakultetet (pkt. 6.2) og HF-fakultetet (pkt. 6.3) sine lektorutdanningsprogram.

Generelt må det seiast at dei ulike modellane for lektorutdanning som vert presentert nedanfor, ikkje tek særleg omsyn til harmonisering på tvers av fakulteta (med unntak av å vurdere plassering av pedagogikk). I den vidare handsaminga av modellane må ein ta slike omsyn. Det vil nemleg vere praktisk og økonomisk heilt uholdbart med store ulikskapar når det gjeld praksisopplegg og plassering av pedagogikk på dei ulike fakulteta. Dessutan er det eit fagleg mål å leggje til rette for samarbeid på tvers av faggrenser. Ei lektorutdanning som utdannar lektorar til ein

⁵ Internett: http://teamolsen2013.no/wp/wp-content/uploads/2013/04/Valgplattform-for-team-Olsen_endelig.pdf

skule som legg vekt på fleirfagleg og tverrfagleg samarbeid, har her visse oppgåver som ein ikkje kan neglisjere. Difor bør ein i den vidare handsaminga leggje vekt på korleis ein skal få til harmonisering og erfaringsutveksling.

6.1.1 Dagens modell ved MN

10.	V	Lektorprogrammet: Masteroppgave				
9.	H	Fagemne	Fagemne	Fagemne		
Adjunktprogrammet slutter her.						
8.	V	Ped.	Fagdid.	Fagemne	Fagemne	5 uker praksis (tilpasset)
7.	H	Pedagogikk		Fagdidaktikk	Prosjektemne	7 uker praksis
6.	V	Fagemne		Fagemne	Fagemne	
5.	H	Ped.	Naturfagdid.	Fagemne	Fagemne	5 dagers skoleerfaring
4.	V	Fagemne		Fagemne	Fagemne	
3.	H	Realfagsdidaktikk		Fagemne	Fagemne	5 dagers skoleerfaring
2.	V	Fagemne		Fagemne	Fagemne	
1.	H	Ex. phil.		Matematikk grunnkurs/bruker-kurs	Pedagogikk	5 dagers skoleerfaring
		10 studiepoeng		10 studiepoeng	10 studiepoeng	

Fig. 3. Dagens lektorutdanningsmodell ved MN-fakultetet

Fig. 3 viser den rådande lektorutdanningsmodellen ved MN-fakultetet, slik den kjem til uttrykk på UiB sine heimesider. (I røynda er prosjektemnet i 8. og ikkje i 7. semester). Ein har i modellen to fag med naturfag som mogleg tilval. Ut frå rammeplanen skal det i dag vere ein rein tofagsmodell. Det heng saman med kravet om minst 160 stp. i fag I (inkl. ex.phil.), og at det berre kan vere 20 valfrie studiepoeng (ikkje 40 slik det er i den noverande studieplanen for MN).

År	Semester				Praksis
5V	10	Masteroppgåve			
5H	9				
4V	8	DID 1	DID2	MNF201	35 dagar
4H	7			PED	EXPHIL
3V	6			Bachelor-oppgåve	
3H	5				5 dagar
2V	4	PED			
2H	3				5 dagar
1V	2	DID 1	DID2		
1H	1			MAT101/111	5 dagar

Fig. 4. Alternativ A for MN

Ved MN har det i løpet av våren 2013 vore lagt fram og diskutert ulike modellar for lektorutdanninga. Modellen i fig. 4 har sirkulert internt i lærarutdanningsmiljøet ved MN sommaren 2013.

I modellen er det verdt å merkje seg ein sterk konsentrasjon om praksisopplæringa til masternivået, særleg i det sjuande semesteret. Heile 85 prosent av praksis er på masternivået, medan berre 15 prosent er på bachelornivået. Det er verdt å påpeike at denne fordelinga skaper utfordringar med tanke på harmonisering med HF.

Modellen er elles utfordrande på den måten at ex.phil. kjem inn i det sjuande semesteret. Nettopp plasseringa av ex.phil. har vore eit diskusjonsemne i andre fakultet, og der er fleire faglege grunnar til at ex.phil. kjem seinare inn enn kva tilfellet er i dag. Samtidig involverer ei slik omplassering andre fagmiljø enn lærarutdanningsmiljøet ved MN.

Modellen tilseier at studentane byrjar på fagstudiet i det første semesteret. Sjette semesteret er ope for utanlandsopphald.

6.1.5 Alternativ B for MN

År	Semester				Praksis
5V	10	Masteroppgåve			
5H	9				
4V	8	DID 1	DID2	PED	35 dagar
4H	7			PED	Praksis tilknytt fellesemne, for eksempel IT i skulen, forsøk/utstyr i naturfag
3V	6			Bacheloroppgåve	
3H	5	EXPHIL			5 dagar
2V	4				
2H	3	DID 1	DID2		5 dagar
1V	2				
1H	1	PED		MAT101/111	5 dagar

Fig. 5. Alternativ D for MN

Alternativet som er presentert i fig. 5 har òg vore distribuert internt ved MN sommaren 2013. I denne modellen kjem ex.phil. inn i femte semesteret, dvs. at det som i modell A vil måtte vere eit spesielt ex.phil.-opplegg for lektorstudentar på MN. I det femte semesteret er det ingen profesjonsfag (jamvel om det då er praksis). Pedagogikk kjem i modellen tungt inne på masternivå, men det er ingen kurs i pedagogikk mellom første semester og sjuande semester. Interessant å merkje seg er ideen om eit praksistilknytt fellesemne. Som i dei andre modellane er det ei stor skeivfordeling av praksis mellom bachelornivå og masternivå. Det sjette semesteret er ope for utanlandsopphald.

6.1.3 Alternativ C for MN

År	Semester				Praksis
5V	10	Masteroppgåve			
5H	9				
4V	8	PED/DID	PED/DID		35 dagar
4H	7	PED/DID	PED/DID		50 dagar
3V	6				
3H	5	PED/DID		Bacheloroppgåve	5 dagar
2V	4				
2H	3	PED/DID			5 dagar
1V	2				
1H	1	PED/DID	Exphil		5 dagar

Fig. 6. Alternativ C for MN

Framlegg til modell som er vist i fig. 6, Alternativ C for MN, vart formulert som diskusjonsutkast til eit møte i lærarutdanningsutvalet ved MN våren 2013. Modellen er relativt konservativ i høve dagens ordningar, bl.a. med ex.phil i det første semesteret, og det gjer modellen noko meir jamførbar med HF sine modellar. Igjen er det sterk konsentrasjon om praksisopplæringa til masternivået. Vidare ser vi at det er gitt 70 stp. til profesjonsfaget. Sjette semester står ope for profesjonsemne, slik at det kan brukast til utanlandsopphald. Bacheloroppgåva er plassert i det femte semesteret.

6.2 Lektorutdanning ved HF-fakultetet

6.2.1 Dagens modell for integrert lektorutdanning ved HF

År	Semester	Fag 1 – førebuande	FAG 11	Profesjonsfag	Praksis
5V	10	30 masteroppgåve			
5H	9	30 masteroppgåve			
4V	8	15			8 veker fleksibel praksis
4H	7	15+5			8 veker fleksibel praksis
3V	6	15+10			
3H	5		10+10		5 dagar
2V	4	15+10			
2H	3	15+15	15+5		5 dagar
1V	2	15+15			
1H	1	10 ex.phil + 10 språk og kommunikasjon			5 dagar

Fig. 7. Dagens modell for HF

I fig. 7 kan ein sjå den noverande modellen for lektorutdanning ved HF. Ei vesentleg endring som HF må gjere i høve rammeplanen, er å gi 60 fulle studiepoeng til fag II (som i dag har 50 studiepoeng "reine" fag i tillegg til 10 studiepoeng fagdidaktikk). Det vil seie at ein må ha 10 fleire studiepoeng til fag II, og dei studiepoenga må takast frå fag I. Det vil få konsekvensar for heilskapen så lenge ein skal ha pedagogikk og fagdidaktikk i dei semestera ein tek brorparten av fag II (4. og 5. semester). Ein må i så fall ha innslag av fag II i andre semester enn 4. og 5. semester.

Ved HF er det i dag ei masteroppgåve på 60 studiepoeng, og det har vore brei semje om at masteroppgåva skal ha eit slikt omfang, av di masteroppgåveskrivinga gir eit særeige rom for fordjuping, læring og danning. Samtidig kjem omfangsønsket under press når dei reine fag I-studiepoenga skal skjerast ned på til fordel for fag II. Eit alternativ kan her vere 45 studiepoeng-masteroppgåve. Det vil kunne gi 15 studiepoeng meir fagkurs. Det er likevel eit spørsmål om kva fagleg vinning ein vil få av det. Eit alternativ kan vere at ein held på 60 studiepoeng-masteroppgåve, men let det inkludere eit 15 studiepoeng-kurs i prosjektførebuande emne som formelt går inn i

dei 60 studiepoenga, men som samtidig får status av å skulle verte godkjent. Eit mønster her kan vere tilsvarande ordning for masterstudiet i undervisning for nordisk og engelsk.

I alternativa nedanfor vil eit slikt prosjektførebuande emne vere ei moglegheit som ligg føre, og det vil vere opp til fagmiljøa å vurdere dette både prinsipielt og praktisk.

6.2.2 Alternativ A for HF

År	Semester	Fag 1 – førebuande	FAG 11	Profesjonsfag	Praksis
5V	10	30 masteroppgåve			
5H	9	30 masteroppgåve			
4V	8	15		Ped.10 Fagdid.5 (f.I)	32
4H	7	15+5		Fagdid.10 (f.I)	32
3V	6	15	10	Fagdid.5 (f.II)	
3H	5		10+10	Ped.5 Fagdid.5 (f.II)	12
2V	4		15+15		
2H	3	10+10		Ped.5 Fagdid.5 (f.I)	12
1V	2	15+15			
1H	1	10 ex.phil + 10 språk og kommunikasjon		Ped. 10	12

Fig. 8. Alternativ A for HF

Modellen i fig. 8 (Modell A) har vorte presentert i ulike forum av leiaren i Programstyret for lektorutdanning. Modellen tek utgangspunkt i dagens struktur, med dei justeringar som må til. I modellen er dei 10 ekstra studiepoenga i fag II plasserte i det sjette semesteret, dvs. på det som i dag er definert som 200-nivå. På den måten får ein framleis halde fullføringa av fag II på bachelornivå. Alternativet vil vere å plassere fag II-kurset på masterdelen av studiet, men det vil vere fagleg og strukturelt problematisk. I det sjette semesteret vil ein då få eit fag I-kurs på 200-nivå, medan fag II-kurset normalt ikkje vil halde eit tilsvarande nivå.

Plasseringa av fagdidaktikkurs i fag II til sjette semester (i tillegg til femte semester) vil kunne skape meir konsentrasjon rundt fag II og fagdidaktikken der, både pga. progresjon i høve semesteret føreåt der det er fagdidaktikkurs, og fordi ein har fagkurs i fag II samtidig. Ulempa vil vere at ein ikkje har praksis samtidig som ein har kurset (i det sjette semesteret).

På 100-nivået i fag I og II vil ein få lik struktur, pga. ein får både pedagogikk og fagdidaktikk inn på andresemesteret i 100-nivåstudiet. Her vil det verte ei endring for fag I, dvs. at det vert fem studiepoeng mindre fagstudium her, men det vil ein få tilbake på 300-nivået. Fagmiljøet må vurdere kva som er mest viktig her, men for studiet som heilskap og for studentane er det truleg ein fordel med lik struktur på 100-nivå, fordi det gjer det lettare å veksle mellom fag I og fag II. I dag føreset ein at studentane gjer val av fag I alt i andresemesteret, og det vert ikkje så lett å bytte. (Det er i dag eit fåtal som byter fag I.)

I modellen ovanfor har pedagogikk framleis fire kurs, men eitt av kursa er plassert i vårsemesteret, jamvel i det siste praksissemesteret på masternivået. Her er det samtidig ulike interesser, og fagdidaktikkmiljø ved HF-fakultetet har uttrykt sterkt ønske om fagdidaktikkurs her. Det vil ein likevel få med denne modellen.

Det er ingenting i vegen for at det vert utvikla eit samarbeid mellom profesjonsfaga, dvs. fagdidaktikk og pedagogikk, i eitt av semestera. Ein kan tenkje seg t.d. det åttande semesteret.

Ei utfordring ved modell A gjeld høvet til utanlandsopphald. Dersom det skal skje i det sjetteste semesteret, er det her lagt opp til at studenten skal ta to ulike fag, dvs. eit 200-kurs i fag II på 15 stp. og eit 10-studiepoengskurs i fag II, i tillegg til fagdidaktikk i fag II. Dette er ikkje umogleg å få til, men er truleg meir vanskeleg enn dagens ordning.

Eit anna problem gjeld dei fem studiepoenga som vert til overs for fag I i det sjuande semesteret. Det kan brukast til eit prosjektførebuande emne, men det vil vere mest føremålstenleg å ha det i åttande semesteret. Det føreset visse justeringar, og det mest logiske vil vere då at pedagogikk vert på det sjuande semesteret, slik ein ser i modell B nedanfor:

6.2.2 Alternativ B for HF

År	Semester	Fag 1 – førebuande	FAG 11	Profesjonsfag	Praksis
5V	10	30 masteroppgåve			
5H	9	30 masteroppgåve			
4V	8	15+5		Fagdid.10 (f.I)	32
4H	7	15		Fagdid.5 (f.I) Ped.10	32
3V	6	15	10	Fagdid.5 (f.II)	
3H	5		10+10	Ped.5 Fagdid.5 (f.II)	12
2V	4		15+15		
2H	3	10+10		Ped.5 Fagdid.5 (f.I)	12
1V	2	15+15			

1H	1	10 ex.phil + 10 språk og kommunikasjon		Ped. 10	12
----	---	--	--	----------------	-----------

Fig. 9. Alternativ B for HF

I modell B som er vist i fig. 9, vil pedagogikk igjen berre få haustundervisning, og det er problematisk, men fordelene reinte fagleg med rekkjefølgja er at ein lagar eit meir logisk system for masterstudiet. Men ingen av modellane tek høgde for kva for modell MN ønskjer for fordeling av pedagogikkurs.

Modellen svarar i stor grad til modell A med unntak av plasseringa av pedagogikk på masternivået.

6.2.3 Alternativ C for HF

År	Semester	Fag 1 + førebuaende	FAG 11	Profesjonsfag	Praksis
5V	10	30 masteroppgåve			
5H	9	30 masteroppgåve			
4V	8	15+5		Fagdid.10 (f.I)	32
4H	7		10	Fagdid.5(f.II) Fagdid.5 (f.I) Ped.10	32
3V	6	15+15			
3H	5		10+10	Ped.5 Fagdid.5 (f.II)	12
2V	4		15+15		
2H	3	10+10		Ped.5 Fagdid.5 (f.I)	12
1V	2	15+15			
1H	1	10 ex.phil + 10 språk og kommunikasjon		Ped. 10	12

Fig. 10. Alternativ C for HF

I modell C (jf. fig. 10) har ein gjort det sjettemesteret, 200-nivået, til eit reinte fag IIstudium, og det gjer det lettare for studentar å leggje inn eit utanlandsopphald her.

Fordelen er òg at ein får eit reinte fagsemester. Ulempa er at det vert ingen fag I-kurs på første semesteret på 300-nivået, og at ein har 100-nivåkurs medan studentane er på masternivå (i fag II).

6.3 Heilskap og samanheng

Programstyret har ansvar for å sjå på heilskapen og samanhengen i lektorutdanninga. Her spelar profesjonsfaga og praksis ei særleg viktig rolle; dei utgjer limet i utdanninga. I så måte er det lærarutdanningsmiljøet sjølv, dvs. fagdidaktikarar, pedagogar og praksisfeltet, som må sjå til at lektorutdanningsprogramma utgjer eit

heilskapleg løp.

Ein kritikk av dagens erfaringspraksis (slik den kjem fram bl.a. i studentrapporteringar til programsensorar) er at erfaringspraksisen lett kan verte ”meir av det same”, dvs. at det som skjer i 1., 3. og 5. semester ikkje følgjer ein god nok progresjon. For å få til progresjon, må der vere ei samordning mellom dei som lagar dei ulike emneplanane for fagdidaktikk, pedagogikk og praksis.

Ein annan kritikk er mangelen på digital opplæring i lektorutdanninga. Ein kan tenkje seg, som NTNU planlegg, at eitt profesjonsemne skal vere digitalt basert. Det kan t.d. vere eit samarbeidsemne mellom pedagogikk og fagdidaktikk.

Ein tredje kritikk gjeld mangelen på samarbeid mellom fagdidaktikk og pedagogikk. Denne kritikken kan ha ulikt utgangspunkt, og kan stundom ha eit noko instrumentelt utgangspunkt, t.d. at ”fagdidaktikk og pedagogikk snakkar om dei same tinga, men på ulik måte”. Ulike perspektiv på sentrale problemstillingar er i seg sjølv ein verdi, ikkje nødvendigvis eit problem. Samtidig kan det sjå ut til at problemet med ”meir av det same” kan gjelde her.

Det er òg uklårt kva slags ansvar ulike disiplinær kjenner for å ta opp spørsmål som samla sett er sett på som viktige i høve rammeplanen, t.d. samiske tilhøve.

I høve heilskapen er internasjonalisering vesentleg. Studiet skal gi rette for å gi internasjonale perspektiv på studiet og læraryrket, og gi rom at studentane kan ta delar av studiet i utlandet.

Sjølv om emneplanar og pensumlister i fagdidaktikk og pedagogikk i utgangspunktet skal vere bestemte av det lokale fagmiljøet, trengst det kommunikasjon og ei viss samordning.

Programstyret har både eit ansvar for og eit ønske om å følgje opp dei problemstillingane som her er nemnde, men òg fagmiljøa og fakulteta spelar ei viktig rolle i så måte.

6.4 Plassering av pedagogikk i modellane

I dagens modell for integrert lektorutdanning er pedagogikkfaget plassert i første, femte, sjuande og åttande semester. Pedagogikkemne er på 10 stp. i 1. og 7. semester og på 5 stp. i 5. og 8. semester. Pedagogikkmiljøet i lærarutdanninga ved UiB har i brev av 20. juni 2013 peikt på fleire problem ved den noverande ordninga.

For det første viser ein til generelt mange småe emne på 5 stp. som kan føre til fragmentering, eksamensbyrde og ein risiko for at studentane nedprioriterer mindre emne. I tillegg peikar ein på at tre av fire pedagogikkemne i dagens modell er lagde til haustsemesteret. Det gir ei skeiv undervisningsbelastning og problem når det gjeld logistikken på studiet.

Primærønsket frå pedagogikkmiljøet er at pedagogikkfaget vert fordelt over tre

moduler à 10 stp og at det vert plassert i høvesvis 1. 5. og 8. semester (dvs. to i haustsemesteret og eitt i vårsemesteret). Sekundærønsket er at to av emna på fem studiepoeng vert lagde etter kvarandre, haust/vår i same studieåret. Det vil gjere det mogleg å planleggje emna meir i fellesskap, og gir betre arbeidsfordeling. Det vert dessutan ønskt eit emne der fagdidaktikk og pedagogikk går inn som felles profesjonsfag. Det vil vere i tråd med intensjonane i rammeplanane om auka integrasjon.

Ønskemåla kan illustrerast gjennom denne modellen:

År	Semester	Primærønske	Evt. Emne på 5 stp.	Fordeling haust/vår	Felles profesjonsfag
5V	10				
5H	9				
4V	8	10 stp.	5 stp.	5 stp.	Ped/fagdid.
4H	7		5 stp.	10 stp.	Ped./fagdid.
3V	6				
3H	5	10 stp.			10 stp.
2V	4		10 stp.	5 stp.	
2H	3				
1V	2				
1H	1		10 stp.	10 stp.	10 stp.

Fig. 11. Ønskemål frå pedagogmiljøet ved UiB

Innspelet frå pedagogikkmiljøet må gå inn som del av dei vurderingane dei ulike fakulteta tek i det vidare arbeidet.

Sjølve problematikken med småe kurs på fem studiepoeng gjeld for alle profesjonsfaga, ikkje spesifikt for pedagogikk, og ordninga har både fordelar og ulemper. Målet om å skape meir samanheng mellom slike kurs, dersom ein skal ha dei, er i så måte relevant for fleire fagmiljø. Eit opplegg med felles profesjonsfag kan vere aktuelt i samband med ei tematisering eller eit felles arbeidsopplegg, t.d. når det gjeld bruk av digitale ressursar i faglege samanhengar.

Når det gjeld den konkrete fordelinga mellom ulike semester, må det kommenterast at i modellen frå pedagogikkmiljøet vert det ulik struktur på kursa på 100-nivået, dvs. det vert ulikt opplegg for fag I og fag II. Det føreset endringar i høve dagens ordning, det skaper ein del problem for fagkurs og fagdidaktikkurs, og det bryt med intensjonar om meir likt opplegg på fag I og fag II på 100-nivå. Samtidig presiserer pedagogikkmiljøet at deira opplegg først og fremst uttrykkjer intensjonar, og at ein ikkje har hatt høve til å ta omsyn til ulike logistiske problem. Eit anna moment som kan nemnast, er at fleire fagmiljø og fagdidaktikkmiljø har ønske om å ha sine kurs i nettopp det åttande semesteret, dvs. ved oppstarten til masteroppgåveskriving, og at det her er ulike interesser og forventningar.

6.5 Samfunnsfag

Då lektorutdanninga ved UiB vart forma, vart det ikkje gitt rom for eit lektorutdanningsprogram i samfunnsfag.⁶ Studentane kunne dermed ikkje ta lektorutdanning med fordjuping i samfunnsfag. I starten kunne studentar ved HF sine lektorutdanningsprogram ta samfunnsfag som fag II, men av ulike grunnar som bl.a. hadde med finansiering å gjere, vart det slutt på den ordninga. Såleis er det heller ikkje i dagens struktur høve til å ta samfunnsfag som fag II.

Det har i 2013 vore uttrykt uformelle ønskemål frå lærarutdanningsmiljøet ved SV om at det skal vere høve til å få ta samfunnsfag som fag II i lektorutdanninga ved HF. Ein føresetnad så langt har vore at lektorstudentane skulle følgje same undervisninga som studentar ved eittårig PPU, og at fagkurser skal vere dimensjonert til 15 studiepoeng. Desse føresetnadene har ikkje vore moglege å få til på bakgrunn av den noverande lektorutdanningsmodellen for HF, og det er vanskeleg å sjå at det skal verte lettare i samband med implementeringa av ny rammeplan.

I arbeidet med å implementere rammeplanar har såleis ikkje omsynet til SV-fakultetet spela noka rolle.

Samtidig er det problematisk at samfunnsfag er lukka som andrefag i lektorutdanninga. I den samanhengen vert SV-fakultetet utfordra til å vurdere si rolle og sine moglegheiter i høve lektorutdanninga ved UiB, ikkje berre som mogleg andrefag, men òg som førstefag. SV-fakultetet vert òg bede om å vurdere moglegheitene for å gi tilpassa variantar (i omfang) av eksisterande kurs for lektorstudentar.

5. Høyrings spørsmål til fakulteta

Programstyret gav i møte 30.08.2013 støtte til intensjonane og resonnementet i dei drøftingane som er gjorde i dette dokumentet.

På denne bakgrunnen vil Programstyret be MN-fakultetet, HF-fakultetet og PS-fakultetet om tilbakemelding på ein del konkrete spørsmål.

1. For MN, HF og PS:

Programstyret kjem med framlegg om ei normalfordeling av praksis (jf. fig. 1, pkt. 5.4, i dokumentet). Denne normalfordelinga er på 12 arbeidsdagar erfaringspraksis i kvart av det 1., 3. og 5. semesteret (dvs. 36 praksisdagar på bachelornivå) og 32 arbeidsdagar i kvart av det 7. og 8. semesteret (dvs. 64 praksisdagar på masternivå). Fakulteta vert bedne om å gi tilbakemelding på denne normalfordelinga.

2. For MN, HF og PS:

Programstyret kjem med framlegg om ei operasjonisering av praksisopplæringa ved å skilje mellom ulike kategoriar av praksis (jf. fig. 2, pkt. 5.5, i dokumentet). Fakulteta vert bedne om å gi ei tilbakemelding på denne kategoriseringa av praksis. I den samanhengen vert fakulteta òg

⁶ For meir informasjon, sjå saksførelegg og referat frå universitetsstyremøtet 27.11.2003 (http://www.uib.no/ust/dokumenter/saklister/2003/11-27/098.htm#_ftn1) og vurderingane i artikkelen "Ny organisasjonsmodell – ny og bedre lærerutdanning?", Mikalsen, L., S. Rognaldsen og L. Aase i Kjenes, Haakon. 2007. *Det pedagogiske seminar 1956–1987. Institutt for praktisk pedagogikk 1988–2004*. Bergen: Universitetet i Bergen, s. 160–170.

oppmoda om å gi tilbakemeldingar på korleis praksisopplæringa bør følgjast opp meir konkret, og vi vil her vise til drøftingane i dokumentet.

3. For HF og MN:

Programstyret legg fram til diskusjon ulike modellar for korleis strukturen i lektorutdanningsprogramma skal vere. HF-fakultetet og MN-fakultetet vert bedne om å gi tilbakemelding om modellframlegg som er aktuelle for sine fakultet. Tilrådingar og eventuelle alternativ vil vere aktuelt i den samanhengen. Programstyret ønskjer dessutan særleg tilbakemelding på spørsmålet om korleis utanlandsopphald kan passe inn, og korleis ein ser føre seg plasseringa av pedagogikk og praksis i studieløpet.

4. For PS:

Programstyret viser til ulike modellframlegg for lektorutdanninga, og vil be Det psykologiske fakultet om å vurdere plassering av pedagogikk i studieløpet. Programstyret vil òg be PS om å gi tilbakemelding på moglegheitene for å utvikle fellesemne med pedagogikk og fagdidaktikk, sett i høve ulike modellframlegg.

5. For SV:

Programstyret vil be Det samfunnsvitskaplege fakultet om å vurdere si rolle og sine moglegheiter i lektorutdanninga ved UiB (jf. dei momenta som vert nemnde i pkt. 6.5 i dokumentet).

Programstyret set ein høyringsfrist på 10.10.2013, med dei spesifikasjonane som er sette i følgjebrevet. For prosessen vidare, viser vi til pkt. 2 i dokumentet.

<u>S13/23</u>	Møteplan for høsten 2013 (vedtakssak)
----------------------	--

Forslag til vedtak: